




Tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog i Vestland

Utviding og ny verneforskrift for Kvitingsmorki naturreservat i
Årdal kommune, Vestland

Mai 2025



Innhold

FORSLAG.....	3
Heimelsgrunnlag	3
Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
Spesielt om grenser	5
Andre interesser	6
SAKSHANDSAMING	9
Sakshandsamingsprosesser	9
Forholdet til utgreiingsinstruksen	9
Forvalningsstyremakt	10
VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN.....	10
Geografi	10
Dagens verneforskrift samanlikna med nytt framlegg til verneforskrift.....	10
Verneforskrifta.....	12
Namn	13
FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR	13
Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	13
Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	13
Avvegning skogvern – skogbruk	13
Forvaltningsmynde	14
Skildring av Kvitingsmorki, med merknader	14
Inngrepsstatus og andre interesser:	15
Samandrag av høyringsinnspela:	15
Kommentar frå Statsforvaltaren:.....	18
Namn	21
Avgrensning	21
Verneforskrift.....	21

Kart og verneforskrift finn du i separate dokumentet.

FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår ny verneforskrift og utviding av Kvitingsmorki naturreservat i Årdal kommune, Vestland fylke, i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold).

Tilrådinga omfattar totalt 17 951 dekar verneareal, der om lag 580 dekar er heilt nytt areal som ikkje tidlegare hadde vernestatus. Utvidingsområdet er omtalt som Skogateigen. Av utvidingsområdet er 400 dekar produktiv skog.

Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62. Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfold, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane

- a (variasjonsbredden av naturtyper og landskap),*
- b (arter og genetisk mangfold),*
- c (truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).*

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire [nasjonale mål](#) (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utsyrdes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Utvidinga av Kvitingsmorki naturreservat bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfold artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.


Ved å verne natur mot ulike typar inngrep gir verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfold, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c. Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Kvitingsmorki naturreservat vart etablert i 1999 som ein del av verneplanen for barskog i Vest-Noreg. Dette var før ordninga med frivillig skogvern var etablert. Med utvindinga av Kvitingsmorki og med opprettning av Bermålsnosi som naturreservat (tilrådd frå oss den 28. oktober 2024) vil vi kunne få eit samanhengande vern langs ei relativt intakt fjordside langs Sognefjorden med eit variert og rikt skogbilete. Utvindinga vil inkludere ein større del av nedbørsfeltet til Kvitingsmorki og binde saman edellauvskog i overgangen mot gammal furuskog. Slike større, samanhengande område er robuste mot endringar i klimaet, bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i dagens Kvitingsmorki og i utvidingsområdet er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande

biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten blir den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

Utvodingsområdet er ikkje kartlagt etter verken ny eller gamal kartleggingsmetodikk, men det tilgrensande området i vest, Bermålsnosi, vart kartlagt av Biofokus i 2022. Det vart påpeikt i rapporten at arealet mellom det kartlagde arealet og dagens naturreservat Kvitingsmorki også burde bli vurdert for vern for å sikre ei samanhengande li langs Sognefjorden, noko vi med denne verneprosessen vil oppnå i samarbeid med grunneigar. Vi vurderer skogen i utvidingsområdet som ein overgang mellom den raudlista skogen i vest og den gamle furuskogen i dagens Kvitingsmorki. Kvitingsmorki er eit typeområde og har nasjonale verneverdiar knytt til furuskogen. Utvidinga av Kvitingsmorki vil kunne bidra til å fylle eit hol i kartet langs den samanhengande fjordsida med verdifull skog, og eit større mobilitetsrom for trua og nær trua artar.



Figur 1 gjev ei oversikt over terrenget med framlegg til vern, eksisterande vern og utvidingsarealet. Det nyleg tilrådde nye naturreservatet Bermålsnosi er markert i vest, der blå farge visar dei raudlista naturtypene. Det raudleg skraverte området i aust er dagens Kvitingsmorki naturreservat. Arealet mellom disse to, den grøne kilen omtalt som Skogateigen mellom Kvitingsmorki og Bermålsnosi, er arealet vi no tilrår som utvidingsareal for Kvitingsmorki naturreservat.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiiane i området som blir føreslått verna kunne vore hogst eller endra arealbruk i samband med energiutbygging. Vern av området skal sikre areal med viktige vernekvalitetar, bidra til å fjerne disse negative faktorane og bidra til å dekke viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiglig og effektiv bevaring av levestaden for truga, sårbare og sjeldne artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågående aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett er vurdert å ha litra påverknad på verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiiane vert svekka. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering. Tiltakshavar skal betale der det ut frå omsynet til verneverdiiane er verneregler om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som er i samsvar med verneforskriftene


vidareførast. Disse vil i liten grad ha negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt ikkje vesentlege inngrep i området.

Vi vurderer det slik at vernet vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Vi har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter vår oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærmere skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen lengre bak i dette dokumentet. Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

Spesielt om grenser

I verneforskrifta for Kvitingsmorki naturreservat frå 1991 står det at Kvitingsmorki ligg på gards- og bruksnummer 2/1 i Årdal kommune og er 17 300 dekar stort. På vernekartet er det likevel trekt ei linje som går inn i Lærdal kommune, sjølv om Lærdal kommune eller naboeigedomen i Lærdal ikkje er omtalt i verneforskrifta (Sjå figur 2).



Figur 2 Den rosa linja syner kommunegrensa, der Lærdal kommune ligg vest og Årdal kommune ligg aust for grensa her. Den grøne linja syner grensa for Kvitingsmorki naturreservat frå 1991. I samband med utviding av Kvitingsmorki naturreservat ønskjer vi å justere denne grensa til å følge kommunegrensa.
Kjelde: fylkesatlas

Vi har vore i kontakt med både Lærdal og Årdal kommunar i samband med vernesaka, og fått tilbakemelding om at det beste er å nytte kommunegrensa mellom dei to kommunane som

vernegrense. Vi tilrår difor ei justering av vernegrensa slik at kartet passar betre overeins med terreng og grensepunkt. Rett tal dekar blir då følgjande etter ei justering: Kvitingsmorki utan Skogateigen blir 17 370 dekar, Kvitingsmorki med Skogateigen er 17 951 dekar. Skogateigen opp mot kommunegrensene er 581 dekar. Bermålsnosi naturreservat kan bli 5412 dekar stort og grense til Kvitingsmorki langs Skogateigen og kommunegrensa heilt til fjells.

Andre interesser

Kraft og energi:

I det søraustre området av dagens Kvitingsmorki naturreservat ligg Viervatn. I tilknyting til vatnet ligg ein pumpestasjon og ein målestasjon som er del av Nyset-Steggjevassdragene i Årdal kommune, eigd av Østfold Energi. Viervatn pumpestasjon vart sett i drift på byrjinga av 1980-talet og var såleis i gang før Kvitingsmorki naturreservat vart oppretta i 1999. Østfold Energi får fleirårlege løyve til motorferdsel for å kunne halde anlegget ved like og i drift.



Figur 3 Pumpestasjonen på Viervatn har nyleg gjennomgått eit større vedlikehaldsarbeid. Bygget med pumpestasjonen, demninga og vatnet ligg inne i naturreservatet. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/Maria Knagenhjelm.

Det går ei gammal 22 kV-linje gjennom nedre del av dagens Kvitingsmorki naturreservat og delar av utvidingsområdet fram mot tunnelopninga til Bermålstunnelen. Straumnett AS er områdekonsesjonær. Vi har fått stadfesta frå Sygnir/Straumnett at denne 22 kV-linja ikkje er i drift. Den vart sist nytta då Bermålstunnelen vart etablert kring 1993. Det kan bli behov for å føre fram straum langs fjordsida i framtida dersom det blir lagt om til ny teknologi med elektriske ferjer ved Fodnes-Mannheller, men det er ingen konkrete planar om dette i dag. På Årdalsida har Straumnett konsesjon og på Lærdal si side av kommunegrensa har Sygnir konsesjon. Kraftnettet er såleis ikkje

kopla saman gjennom Kvitingsmorki/utvidingsområdet i dag. Linjetraseen er i dag attgrodd med skog (sjå figur 3). Den attvaksne linja med 22 kV går også gjennom utvidingsområdet.



Figur 4 Den gamle 22 kV-linja har ikkje vore i bruk og er i dag attvokst med skog. Den bør fjernast før den fell ned, for å unngå å bli ein fare for folk og dyr. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.

Jakt og friluftsliv

Det er fleire stiar, som stien til stølen Kvitingsmorki/Morki innanfor dagens naturreservat. Morki er eit populært turmål for besøkande, men stølen blir også mykje brukt av rettshavarane. Sela er godt heldt ved like. Stien frå stølen går vidare opp til Viervatn. Det er sett opp informasjonsskilt om Kvitingsmorki nede ved parkeringa ved vegen der stien går opp mot stølen. Grunneigarane driv med jaktutleige og har løyve på elg, hjort, rein og jaktar rype i tillegg. Jaktturistar bur på stølen Morki i Kvitingsmorki, ofte bærer grunneigarane opp gass og ved på ryggen.

I utvidingsområdet er det enkelte stiar og trakk, men disse er mest brukt av grunneigar, jegerar og andre kjentfolk. Stiane er ikkje markert på kart eller lett å finne i terrenget. Jakt er ein del av både næringa og rekreasjon i området. Det er ein gapahuk i Skogateigen som har vore brukt i mange år under jakta.

Kulturminne

Det er ein husmannsplass, Kvitingssagi (eller berre omtalt som Sagi), i nedre del av verneområdet i dag. Kvitingssagi har ei verdifull slåttemark, [les meir om naturtypen ved å følgje denne lenkja](#), mellom anna med raudlista beitemarksopper, og slåttemarka får årlege skjøtselsmidlar frå Statsforvaltaren. Skjøtselen blir utført som sein slått i august av Utladalen naturhus. Dei gamle murane er også restaurert med offentlege midlar. Brukarinteressene i dagens Kvitingsmorki er elles greidd ut i forvaltningsplanen datert i 2012, [les ved å følgje denne lenkja](#).



Figur 5 Sagi, eller Kvitingssagi ligg i nedre del av naturreservatet, marka blir slått årleg etter blomstring for å ta vare på dei sjeldne artane som treng skjøtsel for å overleve. På biletet kan ein sjå kraftlinja som går over slåttemarka og inn i skogen på den andre sida, der skogen har vakse seg stor og inn i linja. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.

Det er ei gamal taubane som grunneigarane på sikt kan vere interessert i å setje i stand.

I Sagadalen, langs stien til Morki, er det murar etter ei gammal stove som kan ha høg kulturhistorisk verdi. Denne er kjent som stova på Tågi. Material frå stova er teke ned for lagring inntil det kan setjast opp att på murane (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav løye i 2012 utan frist for gjennomføring). Grunneigarane legg til grunn i utvidingssaka og arbeidet med ny verneforskrift at løyvet framleis er gyldig slik at dei kan få sett opp att denne stova. Dette stadfestar Statsforvaltaren. Stova står også omtalt i forvaltningsplanen. I dokumenta står det omtalt at tre bygningar, stølshus, stølsfjøs og stova på Tågi skal attreisast, og så langt er både stølshuset og stølsfjøsen restaurert/gjenreist. Stova på Tågi er mellombels demontert og lagra for å hindre ytterlegare forfall. Tågi betyr stor grein som stikk ut over ein veg. Tidlegare skogmeister Heiberg meinte at stova på Tågi kunne vere den siste tømmerkoia att i Sogn frå den tida.

Det er observert kulturminne i form av bogastiller og andre gamle fangstanlegg i utvidingsområdet. Slike vart brukta av jegerar for å kunne ligge skjult fram til dyra kom nære nok til å kunne nytte pil og bue eller spyd. I utvidingsområdet er det også registrert ein gammal støl, denne er grodd att og det er ikkje bygningar eller andre anlegg der no, men ein kan sjå restar av ei eldre høyløe. Vi har ikkje registrert andre kulturminne innafor utvidingsområdet ut i frå søk på offentleg tilgjengelege databasar.

Landbruk

Garden til grunneigar har 150 vinterfôra sauер. Det er eit omfattande område dei sankar sauер i frå, frå Årdal, Lærdal og unntaksvis til Vang (Tyinholmen/Koldedalen). Naddvik beiteland har tilsett gjetar som driv tilsyn gjennom beitesesongen. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i og rundt Kvitingsmorki.

Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Årdal kommune sin arealplan. Vi har ikkje fått innspel frå Årdal kommune i verneprosessen.

SAKSHANDSAMING

Sakshandsamingsprosesser

Grunneigar av Skogateigen er, i lag med AT Skog, i sluttfasen av forhandlingane med staten i tråd med prosedyre for frivillig vernordninga. AT Skog ser til at interessene til grunneigar blir ivaretake.

Det tilrådde utvidingsområdet Skogateigen er lokalisert på gards- og bruksnummer 2/1 i Årdal kommune. Det første tilbodet i utvidingssaka for Kvitingsmorki vart sendt oss 31.02.22, men vart seinare skilt ut som eit eige område (Bermålsnosi). Tilbodet for gards- og bruksnummer 2/1 kom oss i hende 01.07.22.

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Kvitingsmorki naturresevrat - utviding	01.07.22	02.05.2024	03.03.2025

I løpet av verneprosessen har vi hatt annonser i både digitale avisar og i papiraviser. Vi legg vekt på å informere grundig på heimesidene våre.

Her er lenke til nettsida med oppstartsmeldinga: [Vi startar arbeidet med å utvide Kvitingsmorki naturreservat i Årdal | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Her er oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av eit utvida og oppdatert Kvitingsmorki naturreservat i Årdal | Statsforvaltaren i Vestland](#)

I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#).

Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utgreiingsinstruksen. I dei to første kapitla vert verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I neste kapittel vert samfunnsnytta av verneforslaget vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar. Deretter blir forslaget omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i vernereglar og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframlegget.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avvegning mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfoldloven § 14 er dermed oppfylt.

Forvaltningsstyresmakt

Aktuelle kommunar skal, gjennom nye rutinar, gjennom høyningsprosess i skogvernsaker gje tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmyndigkeit for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifter når området blir vedteke verna.

Statsforvaltaren oppmoda spesielt Årdal kommune, i høyringa, til å uttale seg om kommunen er interessert i å overta forvaltningsansvaret for naturreservata innanfor kommunen sine grenser. Vi har ikkje fått innspel frå Årdal, men vil vidaresende svaret til Miljødirektoratet dersom det kjem etter at vår tilråding er sendt.

VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

Geografi

Det er ikkje gjennomført større endringar i den geografiske avgrensinga etter oppstarten. Vi har, mellom høyring og tilråding, markert gapahuken i Skogateigen på kart.

Dagens verneforskrift samanlikna med nytt framlegg til verneforskrift

Det vil vere skilnadar i innhaldet mellom eksisterande verneforskrift og ny verneforskrift. Den gamle verneforskrifta blir sletta om den nye blir vedteken. Den nye malen for verneforskrifter i frivillig skogvernordninga er utarbeidd for å ta meir omsyn til grunneigar si bruk av området. Nye verneforskrifter er meir detaljert og er i nokon grad noko meir liberale enn dei eldre.

Det vil ikkje vere endringar i grunneigarane sin rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Det vil vere opning i den nye verneforskrifta for grunneigar å kunne frakte ut felt elg/hjort med motorisert ferdsel i form av beltegåande terrenkøyretøy, noko dagens verneforskrift ikkje har opning for. Den eksisterande verneforskrifta for Kvitingsmorki har forbod mot idrettsarrangement, jaktpører og annan organisert bruk av reservatet. Det nye forslaget har ei formulering om at bruk av naturreservatet til *større arrangement* er forbode, men utan eit generelt forbod mot *organisert ferdsel*. Endringa i formuleringa vil bety at det ikkje lengre må søkjast om løvve til organisert ferdsle, til dømes eit turlag eller ein skuleklasse på tur til stølen, med mindre den organiserte ferdsla ber preg av å vere «eit større arrangement». Kva som er eit «større arrangement» må bli vurdert i det enkelte tilfellet, men døme som motbakkeløp over eit visst tal deltakrar, stisykkelkonkurransar eller større orienteringsarrangement i område med sårbar vegetasjon vil kunne inngå i definisjonen. Dagens verneforskrift har ein regel om at bruk av sykkel,

hest og kjerre og riding utanom eksisterande *vegar* er forbode. I nytt framlegg til verneforskrift er tilsvarande aktivitet forbode utanom *stiar* vist på vernekartet.

I den eksisterande verneforskrifta er det lov å beite på eit nivå som ikkje er til skade for fredingsformålet. I framlegget til ny verneforskrift står det at vernereglane ikkje er til hinder for beiting. Dette er også ei liberalisering av det juridiske rammeverket. I jaktsamanheng kan ein, med framlegget, varsamt fjerne mindre mengder kvist i sikteline. I dagens verneforskrift er i utgangspunktet all vegetasjon verna, og det er ikkje unntaksregel om sikteline i samband med storviltjakt. I ny forskrift vil det vere heimel for å søkje om løyve til gjenoppføring av anlegg eller installasjonar som er gått tapt ved brann eller naturskade, det er det ikkje opning til i dag. Ein kan setje ut saltstein og søkje om dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel for frakt i framlegg til ny forskrift. Ein eigen heimel sikrar opning for å søkje om dispensasjon for oppsetting av gjerde i samband med beite, med vidare, når vilkåra er til stades. Den nye forskriften sikrar også opning for å søkje om dispensasjon til frakt av ved, material og utstyr til stølshus eller hytter. Naudsynt motorferdsel kan også forvaltningsstyresmakta gje løyve til, dersom vilkåra er til stades, til vedlikehald, drift og tilsyn av eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet. Tilrådd ny forskrift omtalar også ei opning for at ein også skal kunne halde eksisterande turstiar ved like. I det legg vi også at det kan leggjast ut ein klopp dersom stien til dømes er veldig blaut.



Figur 6 Stølen Kvittingsmorki (også omtalt som Morki) ligg i dagens naturreservat. Folk som går på tur i området går i hovudsak langs stien til stølen (biletet). Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.

Vedlikehald av kulturminne får ein eigen bokstav i den nye verneforskrifta, i dagens forskrift ligg den under heimelen for rydding av stiar og ferdslivegar. For opplag av båtar vil ikkje ny forskrift medføre endring. I dagens verneforskrift vil ein kunne søkje om løyve for å avgrense bruk av verneområdet i samband med undervisning. Dette vil ikkje vere søknadspliktig i den føreslegne nye verneforskrifta, med mindre det kan bli definert som eit «større arrangement». Vern etter naturmangfaldlova fører til restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep, her vil ikkje det vere

store ulikskapar i dei to forskjellige verneforskriftene. Ei verneform som naturreservat etter vil elles forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet.

Verneforskrifta

Det er gjort mindre endringar i verneforskrifta sidan oppstarten av verneprosessen i 2024. Mellom oppstart og høyring har vi gjort disse endringane, mellom anna fordi malen for verneforskrifter har endra:

Verneføremålet har fått endra oppsett for å tydeleggjere til kva bokstav i heimelen til naturmangfaldlova si § 37 som føremålet er knytt. Vi har difor oppdatert verneføremålet i samsvar med ny mal, og vurderer endringa til å ikkje påverke innhaldet. Det som er markert med understrek i verneføremålet er nytt.

Føremålet med forskrifa er å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur i form av eldre og naturprega furuskog med tilhøyrande plante- og dyreliv representativ for indre fjordstrøk på Vestlandet. Av spesielle kvalitetar utgjer området eit stort, samanhengande skogområde med eit stort mangfold av vegetasjonstypar, og med ein skoggradient frå fjord til fjell. Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Vi la til formuleringa *opplag av båt* i § 3 første ledd bokstav c. Vi endra formuleringa i § 4 første ledd bokstav e. Den gamle formuleringa var slik: *varsam fjerning av mindre mengder kvist i siktelinjer i samband med storviltjakt*. Den nye formuleringa, jamfør malen, er slik: *forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt*.

Ved ein inkurie falt standarformuleringa i § 3 om forbod mot å brenne bål ut, men forskrifa inneholdt likevel § 4 bokstav i om at bålbrann er lov med nedfallskvist eller medbrakt ved. For å tilpasse verneforskrifta til nyare malar har vi fjerna § 4 bokstav (gamal) i og lagt inn ei ny formulering i § 3 bokstav e: *Bålbrann er forbode. Forbodet gjeld ikkje brenning med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk*.

Formuleringa i § 4 bokstav g vart endra frå *vedlikehald, drift og tilsyn av eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet* til ny formulering *vedlikehald av eksisterande stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet*. Også § 4 bokstav h er endra ved å fjerne formuleringa i siste delen av setninga frå *utsetting av saltstein i samband med beiting som omtalt i § 4 bokstav c* til ny formulering *utsetting av saltstein i samband med beiting*. I verneforskrifta § 6 første ledd bokstav b er ordet *storvilt* byta ut med *elg og hjort*. Forskrifta si § 7 bokstav h gjekk ut fordi bokstav § 8 vil kunne dekke behovet ved slike tilfelle. I § 7 vart det elles gjort mindre presiseringar utan at det påverkar innhaldet.

Etter innspel frå Statens vegvesen la vi inn ein ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta si § 7 bokstav k. Då kan forvalningsstyresmakta etter søknad, og dersom vilkåra er til stades, gje dispensasjon til *naudsynt sikringsarbeid i samband med førebygging av skred og ras ned mot veg*.

Etter innspel frå grunneigarane om tilvekst av lauvtre på stølsvollen, som også er registrert som ein viktig naturtype av boreal hei (VU) har vi lagt inn ei ny bokstav m i § 4 om *skjøtsel av stølsvollen på Morki*.

Mellan høyringa og tilrådinga har vi gjort følgjande endringar i tilrådd verneforskrift:

Vi fjerna forskrifa si § 7 punkt e (merking og rydding av nye stiar) og § 7 punkt g (tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar på stiane). Disse to formuleringane låg inne i verneforskrifta frå dei første utkasta av vernereglane vart skissert i dialog med grunneigarane, men ligg ikkje inne i dagens malar for verneforskrifter for skogvernområde. I samråd med grunneigarane har vi difor stroke disse to heimlane. Det er ikkje slike formuleringar i dagens verneforskrift for Kvitingmorki og vil såleis ikkje endre restriksjonsnivået. Vi har ikkje fått innspel eller kunnskap i løpet av verneprosessen om at det er interesse for å kunne ha ein eigen heimel for å rydde nye stiar og merke disse. For tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar til dømes med ein klopp over ei fuktig myr kan dette bli dekt av vedlikehaldsparagrafen i § 4 bokstav g.

Namn

Vi tilrår at namnet på verneområdet framleis er *Kvitingmorki naturreservat*.

FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er avsett til Landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartlegging av naturverdiane i aust og i vest er gjennomført tidlegare, og vi har vurdert arealet Skogateigen til å huse tilsvarande skog i overgangen mellom Bermålsnosi og Kvitingmorki. Vår vurdering har slik blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslag.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadene som følge av utvidinga av Kvitingmorki naturreservat, med utgifter til både forvaltning og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Vi har ikkje observert gran eller andre framande treslag innanfor eller i nærleiken av Skogateigen eller dagens Kvitingmorki, sjølv det ikkje utelukkar at det finst.

Det er allereie utarbeida ein forvaltingsplan for naturreservatet med nærmere retningsliner for bruk, vern, oppsyn og gjennomføring av skjøtsel som vil kunne vere gyldig sjølv om vernereglane er noko endra. Grunneigarane har etterspurt ein skjøtselsplan for området.

Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Arbeidet vårt med å utvide Kvitingmorki naturreservat starta før 1. februar 2022. Vi har vurdert at området ikkje blir omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

Forvaltningsmynde

Årdal kommune har førebels ikkje teke stilling til å overta forvaltningsmynde for Kvitingmorki naturreservat. Vi sendte ein førespurnad til kommunen under høyringa og vil vidaresende denne dersom vi mottek innspel i saka.

Skildring av Kvitingmorki, med merknader

Totalt areal for nye Kvitingmorki naturreservat: 17 951 dekar

Nytt verneareal (Skogateigen): 580 dekar

Skogareal utviding: 480 dekar

Produktiv skog utviding: 400 dekar

Verneformål og særskilte verneverdiar:

Kvitingmorki naturreservat vart etablert den 17. desember 1999 som ein del av verneplanen for barskog i Vest-Noreg. Dette var før ordninga med frivillig skogvern var etablert. Det eksisterande naturreservatet er 17 300 dekar stort, jf. verneforskrifta.

Kvitingmorki naturreservat er eit typeområde og har nasjonale verneverdiar. Eit typeområde er eit stort område som, i dette tilfellet, representerer den typiske barskogsmosaikken i den bestemte naturgeografiske regionen indre fjordstrøk på Vestlandet. Utvidingsarealet Skogateigen husar mykje av den same skogen som ligg innanfor vernegrensa til Kvitingmorki i dag. Der finn vi i stor grad boreal barskog og noko edellauvskog ned mot Bermålsnosi. Med Skogateigen inkludert i naturreservatet vil vernet dekke meir av nedbørssfeltet og binde saman Kvitingmorki og Bermålsnosi, og utvidinga vil bidra til å binde saman ei større, samanhengande fjordside med verdifull skog. Fordi skogen har ulik karakter på Bermålsnosi og i Kvitingmorki har vi jobba med to ulike sett av verneregler, men innhaldet er i stor grad likt og føl i hovudsak malen for verneregler i det frivillige skogvernet. Vegetasjonsrådgjevar Det har vore utført feltgranskingar på Sagi (slåttemarka nede ved vegen) og stølen Kvitingmorki . Stølslokaliteten Kvitingmorki er grasmrkområde med boreal hei omkring. Naturtypen boreal hei er ein raudlista naturtype (sårbar, VU) og lokaliteten på Kvitingmorki, jf. [faktaark du kan lese ved å følgje denne lenkja til naturbase](#), vert vurdert til å vere viktig. Føremålet med Kvitingmorki naturreservat er, i tilrådinga til ny forskrift, å ta vare på eldre og naturprega furuskog med tilhøyrande plante- og dyreliv representativ for indre fjordstrøk på Vestlandet. Av spesielle kvalitetar utgjer området eit stort, samanhengande skogområde med eit stort mangfold av vegetasjonstypar, og med ein skoggradient frå fjord til fjell. Ved å [følgje denne lenkja](#) kan du lese dagens verneregler i naturreservatet. Utvidingsområdet er ikkje kartlagt etter ny metodikk, men Bermål(-snosi) vart kartlagt av biologar i 2022 etter prosedyre for frivillig skogvern. Det vart påpeikt i rapporten frå Rådgivende biologer at Skogateigen også burde bli vurdert for vern for å sikre ei samanhengande li langs Sognefjorden. Rapporten frå kartlegginga ligg tilgjengeleg på våre heimesider. Med utvidinga er det naturleg å også revidere vernereglane og tilpasse den til dagens mal for verneforskrifter. Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i

medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Vernekategorien naturreservat i § 37 er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova. Dagens Kvitingmorki vart verna i 1999 som naturreservat etter den gamle naturvernlova, men med ei utviding legg vi naturmangfaldlova til grunn for arbeidet.

Vi vurderer området til å oppfylle viktige manglar i skogvernet. Det er fint å få oppdatert verneforskrifta for Kvitingmorki, og få kopla dagens Kvitingmorki med det snarleg nye verneområdet Bermålsnosi i vest slik at vi får eit samanhengande vern langs ei relativt intakt fjordside med verdifull skog.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Sjå tidlegare kapittel for omtale av brukarinteresser.

Samandrag av høyringsinnspele:

Verneplanen vart sendt på høyring til AT Skog (som vidaresendte til grunneigarane), Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Fiskeridirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Landbruksdirektoratet, Vest politidistrikt, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Vestland fylkeskommune, Luftfartstilsynet, Avinor, Kystverket, NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Norsk institutt for bioøkonomi, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag, Det norske skogselskap, Den Norske Turistforening, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Fortidsminneforeningen, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for naturforskning, KS - Kommunesektorens organisasjon, Natur og ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykkeforbund, Fiskarlaget Vest, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Biologforening, Norsk Bergindustri, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrenghykling NOTS, Norsk Ornitologisk Foreining, Norsk Sau og Geit, Norskog, Norsk Zoologisk Foreining, Sabima, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, WWF Verdens naturfond, Naturhistorisk museum, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Vegdirektoratet, Stadnamntenesta på Vestlandet, Norges Jeger- og Fiskerforbund avd. Sogn og Fjordane, Årdal kommune, Årdal Energi Holding AS, Årdal Turlag, Naddvik Beitelag, Lærdal Energi AS, Lærdal Fjellstyre, Lærdal Jeger og Fiskarlag, Lærdal kommune, Østfold Energi AS, Østfold Energi AS avd Borgund Kraftverk, Sygnir AS, AT Skog SA, Olav Bjørkum, Endre Offerdal, Anne Helene Bergmål, Straumnett AS, og AT Skog.

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 2. mai 2024. Innan fristen den 5. juni fekk vi 7 innspel. Grunneigar bad om utsetjing av høyringsfristen, og grunneigar og Statsforvaltar hadde eit møte den 25. juni der ulike innspel til verneforskrifta vart drøfta. Referatet frå møtet vert lagt til grunn som innspel frå grunneigar i prosessen, det er såleis 8 innspel til oppstartsmeldinga. Vi har også vore i kontakt med både Årdal og Lærdal kommune om kommunegrensene og justeringa av vernegrensa for gamle Kvitingmorki naturreservat så det blir tilpassa kommunegrensa. Vi fekk fem svar til verneforslaget. Alle kom innan fristen den 15. mai. Ingen var negative til utvidinga av verneområdet.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at

høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga. Direktoratet etterlyser skjema for avveging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang og vurderingane av området i avveggingsmatrisa i førekant av oppstartsmeldinga.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga. Dei skriv at det tillagte området ber namnet Skogateigen, og heile området kan reknast som samanhengande skogsmark med dagens verneområde. Språkrådet tilrar oss å nytte namnet Kvitingsmorki naturreservat i det vidare arbeidet.

Norges orienteringsforbund oppmodar i sitt innspel til høyringa at orientering burde vere tillate i verneområdet. Organisasjonen visar til brev frå Norsk Friluftsliv til Miljødirektoratet med forslag til endringar i mal for verneforskrift, og ber samstundes om at det vert gitt ein generell opning for orienteringsaktivitet i naturreservatet.

Grunneigar Olav Bjørkum med familie inviterte til eit møte med Statsforvaltar etter at oppstartsmeldinga vart sendt ut. Føremålet med møtet var å drøfte verneforskrifta, å belyse endringane som ei ny forskrift potensielt vil medføre og spele inn innspel til verneprosessen. Referatet frå møtet blir brukt i verneprosessen som innspel til oppstartsmeldinga. Grunneigarane la fram dokumentasjon på tidlegare løyve, jf. verneforskrifta, frå dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Løyvet er datert 2012 og inneholdt dispensasjon for restaurering og oppsetting av stølshus og stølsfjøs på Morki og ei tømmerkoie/tømmerstove på Tågi. Både stølshus og stølsfjøs er oppsett pr. i dag, mens tømmerstova på Tågi står att. Den vart teke ned og frakta til bygda med helikopter for sikker lagring. Grunneigarane set som føresetnad for utviding av verneområdet at tømmerstova på Tågi framleis skal kunne setjast opp, jf. det gamle løyvet. Når det gjeld stølsvollen på Morki ønskjer grunneigarane at det skal vere lettare å halde den open, slik at den framleis vil bere preg av boreal hei når skogen veks innpå. Grunneigarane ønskja at rydding av stølsvollen, eventuelt etter ein plan, skal få ein dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Då slepp dei å frakte ved med helikopter frå bygda og kan samstundes halde stølsvollen/heia open. Til høyringa ønskja grunneigarane at gapahuken i Skogateigen skulle teiknast på kartet slik at den meir tydeleg inkludert i nemninga anlegg og innretningar i verneforskrifta § 4 bokstav g.

Statens vegvesen (SVV) skriv i sitt innspel til oppstarten at det ikkje er riksveg nær det aktuelle verneområdet, og at SVV såleis ikkje har interesser i vernesaka. Fylkesveg 53 går langs grensa av både eksisterande verneområde og utvidingsområdet, og SVV skriv at Fylkeskommunen vil kunne ha konkrete merknadar til vernet. Statens vegvesen har likevel til innspel til oppstartsmeldinga og vil gjere merksam på at fylkesvegen går langs potensielt skredfarlege område. Sidan det er registrerte skredhendingar langs vegen må det takast med reglar i verneforskrifta som tek høgde for at det kan gjennomførast naudsynne sikringar mot skredfare. SVV sendte brev til høyringa der det stod at dei ikkje har vidare merknadar til høyringsframlegget.

Statnett skriv til oppstartsmeldinga og til høyringa at foreslått utvidingsområde av Kvitingsmorki naturreservat ikkje påverkar deira anlegg eller planar og har dermed ikkje merknadar til verneprosessen.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv til oppstartsmeldinga at Østfold Energi har pumpestasjonen Viervatn innanfor det eksisterande Kvitingsmorki naturreservat, der vatn frå Viervatn blir pumpa til Storevatnet. Det ligg også ein hydrologisk målestasjon der ved namn 74.23.0 Viervatn. NVE kan ikkje sjå at det er heimlar i forskrifta som sikrar drift, vedlikehald og oppgradering av pumpestasjonen og målestasjonen i verken eksisterande verneforskrift eller i utkast til ny

forskrift, og ber Statsforvaltar om å opprette dialog med Østfold Energi om deira behov i verneområdet. NVE ber Østfold Energi om å uttale seg om deira behov under høyringsperioden. NVE kan ikkje sjå at det er energiinteresser innanfor utvidingsarealet for Kvitingsmorki. NVE skriv at verneforskrifta ikkje har bestemmingar knytt til energi- og kraftanlegg og ber Sygnir og Straumnett om å kommentere verneutkastet med tanke på eksisterande og framtidige prosjekt i både det eksisterande og det føreslegne utvidingsarealet. NVE ber Sygnir og Straumnett om å uttale seg også i tilfelle utan konflikt, og ber Statsforvaltar om å inkludere Straumnett i adresselista.



Figur 3 Synleggjering av kraftanlegga i området, der grøne linjer langs fjorden syner dagens kraftanlegg. Det er ikke nettanlegg i drift mellom Bermål og utløpet av Timreskredtunnelen. Skogateigen er det trekanta arealet der det står Ber(målstun)elen. På vestsida av kommunegrensa (den lilla stipla linja) har Sygnir konsesjon, på austsida har Straumnett konsesjon. I sørvest ser ein ferjeleiet Fodnes. Kartet syner også pumpestasjonen og røyrgata frå Viervatn i naturreservatet mot aust til Storevatnet eigd av Østfold Energi. Kjelde: fylkesatlas

Straumnett AS

Straumnett (tidlegare Årdal Energi) sendte innspel til oppstartsmeldinga. Kraftlinja som går gjennom Skogateigen og dagens Kvitingsmorki er ei gammal 22 kV-linje som ikkje har vore i bruk sidan byrjinga av 1990-talet, og er difor ikkje inntekna på kartlag for distribusjonsnett (sjå figur 6). Straumnett skriv at linja likevel har vore på dagsorden i eiga verksemd og i deira dialog med Sygnir (tidlegare Lærdal Energi) dei siste åra. Våren 2023 var linja sist oppe til drøfting i samband med oppgraderinga av Fodnestunnelen, då linja var eit alternativ for å forsyne Strendene og Fodnes med straum frå Årdal. I samband med oppgradering av tunellar må Straumnett utarbeide ei risikovurdering for straumforsyning. Ei slik risikovurdering følgjer NEK 600-11-1 om at det skal ligge til rette for forsyning frå begge sider av ein tunnel. Dette får ikkje Straumnett til utan at dei koplar seg saman med Sygnir i Bermålstunnelen fordi trygg forsyning til tunnelar og trygg forsyning til transportsektoren er naudsynt for å trygge samferdsle. Sygnir meiner at vernegrensa bør gå over dagens linjetrase slik at det kan vere rom for å oppgradere eller bygge ny linje på denne strekninga. Fordi det er få mogelegheiter for å få forsyning gjennom dette området må ein bygge/oppgradere linja. Straumnett synar også til innspela frå Sygnir.

Sygnir AS

Sygnir skriv at det er Straumnett si linje som eventuelt vert kopla saman med Sygnir si linje frå Fodnes. Ei oppgradering av elektrisk båt drift med ferjelading på strekken Mannheller – Fodnes, som eventuelt krev meir (stabil) straumforsyning, er opp til Statens vegvesen. Andregenerasjons elektriske ferjer kjem i framtida, men det er avhengig av kor lenge eksisterande ferjer kan vere i drift, og denne utviklinga er vanskeleg å spå, skriv dei. Å etablere ei 22 KV-kabel i (nedgrave i eller i bakken ved sida av) vegen er berre aktuelt dersom det ikkje finst andre tekniske løysingar, og i tilfellet mellom Bermål og Timreskredtunnelen er det mogeleg å bygge ei linje. Det er stadvis avgrensa plass på nedsida av vegen og det er difor ikkje mogeleg å byggje ei linje der. Sygnir ønskjer at vernegrensa vert sett i overkant av den gamle linjetraseen slik at det vil gå an å setje i stand eller byggje ny linje på denne strekninga, så verneområdet ikkje hindrar tilgang/utvikling av straum til framtidig elektrifisering av transportsektoren. Sygnir ser ikkje behov for si deltaking på ei eventuell synfaring fordi Straumnett er eigar på Årdal-sida.

Østfold Energi AS (ØE) sendte innspel til oppstartsmeldinga. Energiselskapet skriv at Viervatn pumpestasjon har vore i drift i om lag 40 år, og at pumpestasjonen såleis er eldre enn naturreservatet. Etter at vernet vart oppretta, skriv ØE, har dei forhalde seg til eit strengt regime med tilkomst, transport og vedlikehald av sine anlegg for å ivareta krava. Innspelet frå ØE visar til Statsforvaltaren si oppstartsmelding, side 3, under overskrifta *Kva betyr det at eit område vert verna* at det betyr å sikre eit område mot inngrep, og ØE minner Statsforvaltaren på at drift og vedlikehald av eksisterande vasskraftanlegg per definisjon ikkje er eit «inngrep» i naturen, skogen, etc. og vidare at Østfold Energi kan dokumentere dette etter ca. 40 år med vedlikehald av pumpestasjonen. ØE skriv vidare at for å kunne sikre framleis god drift og vedlikehald av samfunnskritisk infrastruktur ber dei om at anlegga deira som har tilknyting til eksisterande og potensielt nye verneområde i Kvitingsmorki blir teke ut av vernesona, eller alternativt, i forskrifta, blir unntake verneføremålet. I sin merknad til høyringa understrekar Østfold Energi at det ikkje føreligg heimel i forskrift som ein tydig sikrar opning for drift, vedlikehald og oppgradering av pumpestasjonen og målestasjonen i verken eksisterande verneforskrift eller i nytt framlegg til verneforskrift. Brevet skildrar at ØE har på lik linje med andre energiselskap auka behov for vedlikehalds- og oppgraderingsarbeid på anlegga sine, både grunna levealder og endringar i energimarknaden. Den endra tryggleikssituasjonen gjer også dette naudsynt. Det er difor viktig at ØE kan ivareta sitt samfunnsoppdrag på kraftproduksjon at selskapet har klare heimlar for å sikre drift, vedlikehald, oppgradering og sikring av anlegga utan unødvendig opphald som følgje av søknadsprosessar eller uklarheiter i lovverket. ØE vurderer at verneforskrifta § 4 bokstav g ikkje er presis nok eller dekkande og ber om at forskrifta blir vurdert av jurist slik at ØE sitt samfunnsoppdrag innan drift og vedlikehald av samfunnskritisk infrastruktur vert ivaretakke på ein betre måte.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivaretakke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigar. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet. Vi fekk inn tilbod om utviding av Kvitingsmorki før dei nye føringane med avveging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang trådde i kraft og har såleis ikkje prioritert matriseføring for området.

Vi legg innspelet frå Språkrådet til grunn og tilrår namnet Kvitingsmorki naturreservat.

Vi takkar for innspel frå Norges orienteringsforbund, og visar til at ferdsla i vår tilråding har færre restriksjonar enn i den gamle verneforskrifta med omsyn til organisert ferdsle. Orientering blir

inkludert i det vi definerer som eit idrettsarrangement og må bli vurdert etter søknad. Dersom det er ønskje om å arrangere eit orienteringsløp i Kvitingsmorki naturreservat kan ein søkje om det, jf. verneforskrifta si § 7 bokstav f. Vi viser elles til dialog mellom Miljødirektoratet og Norsk Friluftsliv om malane for naturreservat etter prosedyre for frivillig skogvern.

Vi har hatt god dialog med grunneigar, og det er ei god løysing å ha møte i slike saker der det er mange ulike saker å drøfte. Grunneigarane har bidrige til å auke kunnskapsnivået i verneprosessen. Det ligg føre eit løyve til gjenoppføring av bygningane som grunneigarane ønskjer, og sjølv om ein bygning står att å gjenoppføre føreligg det ikkje ein utløpsdato på løyvet. Løyvet vil framleis vere gyldig når den gamle verneforskrifta no blir erstatta av ei ny. Stova på Tågi kan såleis bli vurdert som eitt av dei eksisterande anlegga og innretningane. Vi har no, i tilrådinga, markert stova på Tågi på vernekartet. Når det gjeld spørsmålet om å halde stølsvollen open for å oppretthalde den boreale heia verdisett som viktig, er den omtalt i naturbase som i ein gjengroingsfase. Rapporten er riktig nok frå 2013, men vi har ikkje anna grunn til å tru at heia framleis er i gjengroingsfase. Den registrerte boreale heia er resultat av lang tids drift, og beitepresset i dag er truleg ikkje tilstrekkeleg til å oppretthalde tilveksten av trær. Då har vi forståing for behovet for å kunne rydde stølsvollen for lauvtre. Når heia veks att med bjørk, samstundes som eigarane av stølshusa flyr bjørkeved opp med helikopter, ønskjer vi å leggje til rette for meir smidige løysingar. Lauvtre bør kunne bli rydda og ein bør ideelt sett auke beitetrykket i området. Vi legg inn ei formulering i verneforskrifta § 4 bokstav m med opning for skjøtsel på stølsvollen etter søknad. Skjøtsel bør bli gjennomført både med auka beitetrykk og med rydding av lauvoppslag i det mest sentrale området av heia rundt stølshusa.


Vestland fylkeskommune er på adresselista, og vi la til grunn at fylkeskommunen ville sende innspel i løpet av verneprosessen dersom det var viktige tema å ta opp. Vi tok såleis innspelet frå Statens vegvesen til etterretning og la inn ein ekstra dispensasjonsheimel i verneforskrifta § 7 med ny bokstav l: *naudsnyt sikringsarbeid i samband med førebygging av skred og ras ned mot veg*. Tilsvarande formulering brukte vi då verneforskrifta for Loftesnes naturreservat i Sogndal vart tilrådd.

Vi tek innspelet frå Statnett til vitande.

Til innspelet frå NVE ser vi at det ikkje er knytt spesielle formuleringar som nemner anlegget eigd av Østfold Energi på Viervatn i verken gamal verneforskrift eller i utkastet til ny forskrift. Vi vurderer at verneforskrifta sin § 4 bokstav g, at *vernereglane ikkje er til hinder for vedlikehald, drift og tilsyn av eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet*, vil vere dekkande. I tillegg kan ein søkje om dispensasjon frå motorferdselsforbodet til § 4 bokstav b. Seinast sommarsesongen 2023 oppgraderte energiverket pumpestasjonen og fekk dispensasjon til både arbeidet på pumpestasjonen og motorferdsela som var naudsnyt for å gjennomføre arbeidet. Vi fekk innspel frå Østfold Energi til oppstartsmeldinga, og har hatt god dialog også gjennom mange år. NVE har rett i at det manglar bestemmingar i både eksisterande og nytt utkast til verneforskrift om energi- og kraftanlegg. Dette kan truleg forklarast i at linja ikkje er i drift og ikkje har vore i bruk sidan 1993 då Bermålstunnelen opna. Vi har dialog om denne linja med Straumnett og Sygnir. Sjå meir om temaet under svaret vårt til Straumnett/Sygnir.

Vi har kommenterer innspela frå Straumnett og Sygnir vidare. På grunnlagskart kan ein sjå at det er ei linje som går gjennom Skogateigen og dagens Kvitingsmorki. Vi har fått stadfestat frå Sygnir/Straumnett at dette er ei gamal 22 kV-linje som ikkje er i drift, og ikkje har vore i bruk sidan byrjinga av 1990-talet. Fordi den sist vart nytta seks år før Kvitingsmorki naturreservat vart etablert i 1999 er det truleg forklaringa på at det ikkje er linje-relevante bestemmingar i dagens verneforskrift.

I dialog med Straumnett og Sygnir i samband med verneprosessen kjem det fram at det er ei mogelegheit for at det trengs kraftforsyning frå Årdal mot ferjeleiet på Fodnes i framtida. Dette vil kunne vere ein aktuell trasé dersom framtidas ferjesamband blir elektrisk. Vi registrerer innspelet frå Straumnett/Sygnir om at vernegrensa på eksisterande verneområde Kvitingsmorki og utvidingsarealet Skogateigen bør flyttast til overkanten av linjetraseen. Dagens Kvitingsmorki er 25 år gammalt. I verneføremålet i dagens forskrift står det: *Av spesielle kvalitetar utgjer området eit stort, samanhengande skogområde med eit stort mangfold av vegetasjonstypar, og med ein skoggradient frå fjord til fjell.* Når vi har fått eit tilbod om frivillig skogvern og set i gang med ei utviding av dagens verneområde vil vi redusere verneverdiane og gå på akkord med verneføremålet om vi trekk vernegrensa fleire tals høgdemeter opp i terrenget. Med ein eventuell buffer til ryddebeltet vil vernegrensa måtte trekkest frå 14 meter over havnivå til over 60 meter over havnivå. Det er mykje natur som i så fall blir tilgjengeleg for arealendring, og vi har ikkje som mål i utvidingssaker av eksisterande verneområde å redusere arealet av verneområdet. Vi ser at det beste alternativet for energiinteressene heller ville vore å vurdere nedgraving av ei framtidig kraftlinje i eller langs vegtraseen. Skogen er bratt, vedlikehaldet i ei bratt fjordside vil vere risikabelt og krevjande, arealbruken vil vere stor og verneverdiane vil bli skadelidande om ei ny kraftlinje blir etablert i dagens arealavgrensing for naturreservatet. Det er ikkje aktuelt å redusere naturreservatet når det finst alternative driftsmetoder. Då ser vi heller ikkje grunn til å innlemme standardformuleringane frå forskriftsmalen om vedlikehald og rydding av kraftlinjer. På flyfoto kan ein ikkje lengre sjå traseen frå den gamle linja, den bør helst bli fjerna på sikt for å unngå skade på menneske og dyr.



Figur 4 Linjetraseen er attvoksen med skog i dagens Kvitingsmorki naturreservat, noko ein også kan sjå på flyfoto. Den raude linja markerer vernegrensa for dagens naturreservat. Kjelde: fylkesatlas

Vi har hatt fin dialog med Østfold Energi i alle år med naturreservat på Kvitingsmorki. Etter at vi no fekk tilbod frå grunneigar om vern av meir skog i tilgrensande område til Kvitingsmorki naturreservat, og når vi først er i gang med denne utvidinga, er det naturleg også å revidere den 25

år gamle verneforskrifta og tilpasse den dagens lovgiving. Prosesen vi har sett i gang med skal såleis ikkje vurdere reduksjonar av verneområdet, som til dømes kring Viervatnet og pumpestasjonen med overføringsleidning, og om det skal grensast ut eller utelukkast frå verneføremålet. Føremålet med vernet skildrar kvaliteten som området har, som utgjer eit stort, samanhengjande skogsområde (...) og ein skoggradient frå fjord til fjell. Vi ser og at det er nødvendig med føresegner i verneforskrifta som sikrar at desse verdiane blir ivaretatt på ein god måte. Vi har drøfta verneforskrifta med jurist både i Miljødirektoratet og hos oss. Vi nyttar såleis erfaren juridisk kompetanse i arbeidet vårt med verneforskrifter. Som svar til merknaden frå Østfold Energi til høyringa vil vi understreke at deira samfunnsoppdrag på kraftproduksjon og energiforsyning er viktig, og at vi difor i forvaltningspraksisen vår alltid har lagt opp til å gje løyve til aktivitet og arbeid på både anlegg og infrastruktur, både når det gjeld drift, vedlikehald, oppgradering og motorferdsel i samband med dette. Vi set riktig nok vilkår, men det er for å redusere ulempe på naturverdiane i området, til dømes i samband med motorferdsel i hekketida og liknande tilfelle. Vi vurderer framleis at formuleringa i verneforskrifta § 4 bokstav g der *vernereglane ikkje er til hinder for vedlikehald, drift og tilsyn av eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet* skal dekke hovudkjernen av aktiviteten til Østfold Energi. Oppgradering, utviding og endring kan bli handsama etter verneforskrifta § 8, der det står slik formulert: *Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.* Det har dei siste åra vore eit omfattande vedlikehaldsarbeid på pumpestasjonen ved Viervatn, jf. figur 3.

Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Kvitingsmorki naturreservat, det har ikkje komme innspel på andre namn i verneprosessen.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i høyringsforslaget.

Verneforskrift

Verneforskrifta ligg som eit separat dokument.

Tilråding

Vi tilrår at Kvitingsmorki naturreservat blir utvida med Skogateigen og får ei oppdatert verneforskrift etter naturmangfaldslova.